

BYGLAND KOMMUNE

Bygland kommune ligg i Setesdal i Aust-Agder fylke. I Setesdal kan du finne heile skalaen av norsk kultur og natur. Det er lagt til rette for opplevingar med fiskestanga, fotturar, kanopadling, rafting, riding, bading, mineralleiting og gruveopplevingar, og mykje meir. Du kan også ta ein tur med den legendariske dampbåten Bjoren frå 1867.

Dalen har lange tradisjonar innom sylsmedkunst og folkemusikk. Musea gir innføring i mineralproduksjon tilbake til vikingtida, byggeskikk, målarkunst og drakt- og husflidstradisjonar i dalen. I Setesdal ligg alt til rette for opplevingar i vakker vinternatur også, og det er mange ulike vinteraktivitetar å velje mellom.

Kva med å kombinere eit besøk på Landeskogen Peace Center med flotte natur- og kulturopplevingar?

Landeskogens
Venner
Postboks 1
4742 Grendi



Landeskogens venner

STYRET

Leiar:

Styremedlemmer:

Varamedlemmer:

Helga Arntzen har tale og møterett i styret

MEDLEMSKONTIGENT PR. ÅR

Einskildmedlemmer	kr 200,-
Familie	kr 350,-
Ungdom/Student	kr 100,-
Organisasjonar	kr 500,-
Bedrifter	kr 1 000,-

Kontonr: 2801.28.91433

KONTAKTINFORMASJON

Landeskogens Venner, Postboks 1, 4742 Grendi
Telefon: + 47 37 93 40 30, Faks: + 47 37 15 43 58,
mobil: + 47 95 23 81 99
Leiar: Knut A. Austad, mobil: + 47 91 36 72 69,
e-post: kaa@bygland.com



landeskogen.no



Landeskogen Peace Center

Landeskogen Peace Center ligg i bygda Grendi i Bygland kommune, og er eit globalt senter for freds- og menneskerettsarbeid. Fredssenteret byr på fagleg påfyll, saman med minneverdige naturopplevingar og aktivitetar i omgivnadene kring Landeskogen.

Meir informasjon finn du på heimesida til Landeskogen Peace Center:
www.landeskogen.no



LANDESKOGEN PEACE CENTER



Landeskogens venner

LANDESKOGENS VENNER

Landeskogens venner blei stifta 20. mai 2012.

Formålet er å:
"arbeide for at Landeskogen Fredssenter får positiv merksemd, bygge kontaktnett, marknadsføre og på alle måtar vere ein positiv bidragsytar for at fredssenterets målsetting vert nådd".

Kvifor engasjerer Landeskogen Peace Center?
Fredssenteret er til fordi eitt menneske, Helga Arntzen, hadde mot til å satse svært mykje for å utvikle Landeskogen. Målet er å opparbeide eit senter for arbeid med fred, forsoning og menneskerettar. Verksemda ved senteret rettar seg mot internasjonalt freds- og forsoningsarbeid, men har også mange tilbod til einskildpersonar. I tillegg representerer fredssenteret ein spesiell ressurs for lokalmiljøet og heile regionen.

For å støtte opp om Landeskogen Peace Center kan du mellom anna:

- bli støttemedlem i Landeskogens venner
- vere med på å skaffe fleire støttemedlemmer
- skape positiv merksemd kring fredssenteret
- foreslå arrangement, aktivitetar og utstillingar
- delta på dugnader

OM LANDESKOGEN HISTORIKK

Bygd i 1911 - 17
1914: Tuberkulosesanatorium
1962: Heim for psykisk utviklingshemma.
1997: Bygland kommune overtok eigedomen frå Statsbygg. Eigedomen fungerte som asylmottak i tre periodar mellom 1992 og 2004.
2010: Landeskogen Peace Center blei etablert som eit sjølvstendig ideelt aksjeselskap

Eigedomen: Heile eigedomen er på ca 300 mål. Bygningsmassen omfattar hovudbygning, tre einebustadar, sju verkstader og uthus. Hovudhuset har eit areal på ca. 5000 kvm.

AKTIVITETAR PÅ LANDESKOGEN



KURS OG KONFERANSAR

Landeskogen Peace Center vil arrangere kurs og foredrag i den nyoppussa konferansesalen. I tillegg har norske freds- og menneskerettsorganisasjonar og humanitære organisasjonar høve til å halde årsmøte, seminar og konferansar på senteret. Dette tilbodet gjeld også bedrifter, foreiningar og private arrangement. helga@aktive-fredsreiser.no

UTSTILLINGAR

Hovudbygget har eit enormt utstillingsareal, fordelt på 76 rom og fleire ganger. Romma er eigna til fleire typar utstillingar. Utstillingane vil legge vekt på fred, menneskerettar og internasjonalt samarbeid. Tema og det visuelle uttrykket skal inspirere, engasjere og informere dei som tar turen til Landeskogen.

FREDSBIBLIOTEK

I fredsbiblioteket vil du finne litteratur om mange ulike tema, men hovudvekta ligg på fredsprosessar, menneskerettar, fleirkulturell forståing og konfliktforebygging. Biblioteket vil vere gunstig for studentar og forfattarar som skriv om fredsrelaterte emne, men også for alle andre interesserte.

FREDSSTIAR

Tidlegare, i samband med tuberkulosesanatoriet, var det fleire stiar på Landeskogen. Lokale krefter og tyske ungdomar har vore med på å rydde dei vakre naturstiane omkring senteret. Landeskogen Peace Center planlegg å rydde og merke fleire stiar. Stiane har fått namn som er knytte opp til tema som menneskerettar og fredsprisvinnarar.

SYKKELTURAR

Eit besøk til Landeskogen Peace Center er lett å kombinere med storslått naturopplevelsingar på to hjul. I nærleiken ligg stiar spesielt eigna for terrengsykling. For dei som heller vil ha jamt underlag, ligg fredssenteret langs Nasjonal sykkelrute nr. 55.

NATUROPPLEVINGAR

Landeskogen er omkransa av vakker og fredfull natur. Eigedomen ligg vestvendt med utsyn over Byglandsfjorden, der det er offentlege friluftsområde og bademoglegheiter. I nærleiken av senteret er det også spennande aktivitets-tilbod som får adrenalinet til å pumpe.

KAFÉ

I hovudbygget ligg ein nyoppussa kafé med heimelaga matrettar på menyen. Kaféen tar i mot store og små grupper på førespurnad. I sommar er kafeen open laurdag og sundag frå kl 13.00 - 18.00.

OVERNATTING I TIPITELT

På Landeskogen kan ein sove i tipitelt, ein annleis og spennande måte å overnatte på. Om kvelden kan ein ha sosiale tilstellingar kring leirbålet under open himmel.

LEIKEPLASS

For barna er det leikeplass med leikehus, sklie og sandkasse. I tillegg er det store plenareal å boltre seg på!

Landeskogens venner
MEDLEMSKAP



Ja takk, eg ønskjer å bli medlem. Eg veit at medlemskapet varer til eg seier opp anten pr. brev eller e-post.
Prisen for medlemskap er: Einskildmedlem kr 200,-, Familie kr 350,-, Ungdom/Student kr 100,-, Organisasjonar kr 500,- og bedrifter kr 1000,-

ETTERNAMN

E-POST /

FORNAMN
ADRESSE

TELEFON